



Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Hotel
Dato: 19.06.2025
Tid: Kl. 08:30 - 15:30

Møteleiar:	Kjell Eide
Andre møtande:	Gjermund Flage

Medlemer:	Parti
Ann Sissel Austgulen	AP
Anne Merete Takle	AP
Christian Hatlem Skår	AP
Gro Sissel Dale	AP
Hildur Akse	AP
Kjell Eide	AP
Per Egil Akse P-PEA	AP
Thea Pedersen Johannesen	AP
Geir Helge Nordstrand	H
Øyvind Høie	H
Dag Ove Austgulen Myklebust	SP
Inger Hauken	SP
John Gerick Bårøy	SP
Karin Tønning Hatløy	SP
Morten Askvik	SP

Forfall meldt frå følgjande medlem	Parti:	Følgjande varamedlem møtte	Parti:
Jan Arvid Støyva	AP	Christine Gjøen Bøe	AP
Eva Mette Høie	H	Rune Risnes	H

Merknader:

Andre møtande: Kommunalsjef oppvekst, kultur og idrett Hildegunn Hatlem, kommunalsjef samfunnsutvikling og tekniske tenester Gaute Lundeland og kommunalsjef sentraladministrasjonen Elin Garnes Solås.

Referent: Elin Garnes Solås

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
25/035	Godkjenning av innkalling
25/036	Godkjenning av sakliste
25/037	Godkjenning av protokoll frå førre møte
25/038	Referat- og orienteringssaker
25/038.1	Signert avtale Kvernsteinsparken
25/038.2	Tilsynsrapport - Pukkverk - Veidekke Industri AS geom Hyllestad massesenter - Hyllestad Pukk - Hyllestad
25/038.3	Årets statusrapport for kommunene er klar
25/038.4	Drifts- og samarbeidsavtale HUP.
25/038.5	Møtebok Styremøte SYS IKL 13.06.25
25/039	Spørjetimen
25/040	Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding for 2024
25/041	Vidareføring og endring av stønad og lån til bil
25/042	Endring av SUM IKS sin selskapsavtale:
25/043	Hyllestad kontrollutval - rapport frå forvaltningsrevisjon omsorgstenester
25/044	Legevaktsatelitt



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
25/035	Kommunestyret	19.06.2025

Godkjenning av innkalling

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

19.06.2025 Kommunestyret

Handsaming:

KOMM25/035 Vedtak:

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
25/036	Kommunestyret	19.06.2025

Godkjenning av sakliste

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

19.06.2025 Kommunestyret

Handsaming:

- Inger Hauken, leiar kontrollutvalet, Det vart varsla sak om revisjon av personalreglementet, men står ikkje på saklista.
Svar: Ein treng lenger tid til den interne prosessen, saka vil komme opp i møtet i september.
- Christian Hatlem Skår, ønskjer ei ny sak på saklista som går på oppfølging av vedtak som er gjort om legevaktsatellitt og sjukepleiar på topp. Det vart røysta over spørsmålet om å sette saka på sakskartet, samrøystes at saka vert handsama i møtet i dag.

KOMM25/036 Vedtak:

Saklista vert godkjent slik den ligg føre med merknad som ovanfor.



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
25/037	Kommunestyret	19.06.2025

Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.

19.06.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Samrøystes.

KOMM25/037 Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjent slik den ligg føre.



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
25/038	Kommunestyret	19.06.2025

Referat- og orienteringssaker

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

Underliggende sak:

Saksnummer	Tittel
25/038.1	Signert avtale Kvernsteinsparken
25/038.2	Tilsynsrapport - Pukkverk - Veidekke Industri AS geom Hyllestad massesenter - Hyllestad Pukk - Hyllestad
25/038.3	Årets statusrapport for kommunene er klar
25/038.4	Drifts- og samarbeidsavtale HUP.
25/038.5	Møtebok Styremøte SYS IKL 13.06.25

19.06.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Orienteringar frå kommunedirektøren:

- Drift- og vedlikehaldsavtale med MISF, det vert lagt opp til 10 års bindingstid, deretter avtale med 12 månaders oppseiing. Det skal vere årlege kontaktmøter, driftsoppgåver og ansvar på detaljnivå, og kommunen har bruksrett til undervisningsføremål.

- Avslag på søknad om ytterlegare omstillingsmidlar:

Hyllestad kommune

Hyllestad kommune er inne i trinn 3 i eit meir langsiktig omstillings- og vekstprogram. Fase 1 og 2 i prosjektet vart delfinansiert frå fylkeskommunen sitt dåverande nærings- og utviklingsfond. Fylkeskommunen har fått omstillingsmidlar over statsbudsjettet i 2022 og 2023 til kommunen. Saman med midlar frå fylkeskommunen, har omstillingsmidlane delfinansiert fase 3. Fase 3 starta i 2023 og har finansiering ut året 2025. Målet kommunen har sett for fase 3 er:

- *Hyllestad kommune har fått utarbeidd eit langsiktig omstillingsprogram, eit strategisk plangrunnlag som grunngjev og prioriterer bruken av ekstraordinære midlar til næring- og samfunnsutvikling i Hyllestad.*
- *Handlingsplan med leing og tiltak ut 2025 er gjennomført.*
- *Evaluering hittil i 2025 med identifisering av behov vidare frå 2026.*
- *Legge til rette for gode tiltak som skal kunne implementerast i kommunal regi og i grendene etter at prosjektet er avslutta.*

Hjørnesteinsbedrifta Havyard New Ship Technology reduserte arbeidsstyrken med omlag 110 årsverk i 2021. Dette var bakgrunnen for at kommunen fekk pengar frå fylkeskommunen sitt fond og vart meld inn som omstillingskommune. Sidan kommunen har jobba med utfordringane kring tap av

- Vårt Hyllestad - eller "Sats på Hyllestad" - gjennomgang av kva dette kan innehalde, og stort fokus på bustadmangel.

- Innbyggjarundersøking knytt opp mot kommuneplanen, oppmoding om å svare/dele



- Spørsmål frå SP v/Karin Tonning Hatløy:
Har Hyllestad kommune praksisplass for sjukepleiarar ved sjukepleiarskulen i Førde? Om ikkje, kvifor? Dette meiner vi i Hyllestad Senterparti er eit viktig middel i rekrutteringa, og viktig for å få unge til å flytte heim. Det var ikkje mogeleg å hake av for Hyllestad for dei som gjekk 2.året no.

Svar: Det er samordna opptak for studieplassar ved høgskular og universitet. Vi tek imot studentar frå Høgskulen på Vestlandet for rettleia praktisk del av nokre utdanningar. Det gjeld for eksempel studentar i sosialt arbeid (flyktingtenesta har hatt to studentar i år, tredje året på rad vi har studentar i denne tenesta), vernepleie og sjukepleie (studentar frå slik utdanning både i omsorgstenesta og psykiatritenesta, på sjukeheimen hadde vi to studentar no i vår, og i fjor haust hadde vi student i psykiatritenesta). Vi har snakka om å ta opp att det å tilby rettleia praktisk utdanning for medisinstudentar slik Hyllestad kommune har tilbydd tidlegare. Konkret kva som gjer at det ikkje var mogleg å velje Hyllestad for 2. års studentar no i år vil vi undersøke nærare.

I tillegg har vi hatt studentar frå barnehagelæruddanning, men for lærarstudentar har høgskulen sagt at det er for langt unna studiestad til at vi får studentar.

Bidra til utdanning er eit viktig samfunnsansvar, og det vert arbeidd aktiv opp mot studiestadane for å få studentar. Men, det er òg viktig at kommuneorganisasjonen er rigga for å ta i mot studentar, det er ikkje alle som er like komfortable med å vere rettleiar.

Kommunen er òg aktiv med å ta inn lærlingar, dei siste åra har vi kun hatt vaksne lærlingar. Det er vanskeleg å få lærlingar rett frå vidaregåande, mange av dei vel studiespesialisering. Dette er ikkje unikt for Hyllestad, gjeld også i andre kommunar, og har truleg litt samanheng med kva tilbod det er på næraste vidaregåande skule. Fagarbeidarar er òg ei viktig gruppe å satse på, og vi har god erfaring med det. Vi brukar eigne fagarbeidarar som rettleiarar.

Spørsmål frå SP v/Morten Askvik:

Kan ordføraren orientere om korleis han jobbar for å sikre Rysjedalsvika som knutepunkt i kollektivtilbodet både til lands og til vanns? Solund kommune informerer sine innbyggjarar om at dei er i dialog om flytting av hurtigbåten sitt stopp i Krakhella til Hardbakke. Tidlegare har det vore opplyst at ein slik flytting vil føre til at båten til Nordfjord ikkje vil stoppe i Rysjedalsvika.

Hyllestad SP har ved fleire høve signalisert uro over utviklinga av kollektivtilbodet på Rysjedalsvika og behovet for at ordføraren er "på ballen". Hyllestad kommune, næringsrådet og innbyggjarane må jobbe koordinert for å sikre eit best mogleg tilbod som er til gagn for oss alle.

Svar: VLFK planlegg mogleg utviding og etablering av ladeinfrastruktur på Rysjedalsvika. Dei har nyleg inngått avtale med grunneigar om kjøp av areal, og har starta opp reguleringsplanarbeid. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ny ferjekai på Rysjedalsvika som skal erstatte eksisterande ferjekai.

Ny ferjekai skal vere tilrettelagt elektrifisering av ferje og kaia skal kunne nyttast som liggjekai for ferjene over natta. Ein skal som ein del av planarbeidet utarbeide eit forprosjekt for å sjå på ulike plasseringar av den nye ferjekaia.

Vi har ikkje vore i dialog med VLFK om ekspressbåten.

- Spørsmål frå SP v/Morten Askvik:

Kva er status for drosjetilbodet internt i kommunen?

Hyllestad SP har ved fleire høve vore uroa over om det tilbodet vi har på lokal drosje kan falle frå. Ordføraren har tidlegare sagt at administrasjonen arbeidet med problemstillinga. Signala er at det må komme løysing no til sommaren. Er det grunn til vidare uro, eller er det grunn til jubel fordi vi er nær løysing?

Svar: Det er utfordrande med taxi-ordninga, sidan vi kun har ein operativ og godkjent sjåfør. Ved sjukdom og ferie står vi utan sjåfør, og må fordele køyreoppdraga mellom oss (utan å kunne ta betalt). Høyanger Taxi har hjulpet oss når dei kan, med hovudsakleg pasientreiser-oppdrag.

Hyllestad kommune kan ikkje berre sette inn ny sjåfør på kort varsel, då dette krev både bestått drosjeeksamen og godkjent køyreseddel. I tillegg må underteikna ha budsjett til dette, noko som er utfordrande mtp at det skal kuttast vesentleg på drift i åra som kjem.

Kostnadane vi har med taxi er større enn inntektene. I 2024 hadde vi nettokostnader på 301 122 kr knytt til taxi-ordninga. Dei totale inntektene ila 2024 utgjorde her 121 999 kr.

Vi har lenge prøvd å få på plass ein taxisjåfør til. Først ringde vi rundt til aktuelle kandidatar i kommunen, utan at dette gav resultat. Deretter prøvde vi med aktuelle flyktningar, men kravet om butid i Norge på 4 år sette ein stoppar for dette. Vi undersøkte med politiet om det var mogleg med dispensasjon, men dette fekk vi tilbakemelding på at ikkje var mogleg frå Vest politidistrikt.

Vi har no funne ein aktuell kandidat som skal ta drosjeeksamen og søke om køyreseddel. Om dette går i orden vil vedkomande overta som hovudsjåfør.

- Ordførar orienterte om møte kring alarmsentralen og at nokre kommunar i indre Sogn vurderer å trekkje seg ut.

- Ordførar orienterte om møte med ordførarane langs Sognefjorden om sak om vern av Sognefjorden.
- HUP v/styreleiar Christian Hatlem Skår (formelt ikkje med i kommunestyret under dette punktet) Eigarskifte og emisjon, SD har solgt sine aksjar til LH Mek AS. justering i styret, opparbeiding av tomt a, kundar (mista ein stor kunde), organisering av drifta.

KOMM25/038 Vedtak:

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
25/038.1	Kommunestyret	19.06.2025

Signert avtale Kvernsteinsparken

Vedlegg i saka:

06.06.2025 Signert avtale Kvernsteinsparken

Mottakar

Jan Heggheim

19.06.2025 Kommunestyret

Handsaming:

KOMM25/038.1 Vedtak:



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
25/038.2	Kommunestyret	19.06.2025

**Tilsynsrapport - Pukkverk - Veidekke Industri AS geom Hyllestad massesenter
- Hyllestad Pukk - Hyllestad**

Mottakar

Gjermund Flage
Kjell Eide
Statsforvalteren i Vestland

19.06.2025 Kommunestyret

Handsaming:

KOMM25/038.2 Vedtak:



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
25/038.3	Kommunestyret	19.06.2025

Årets statusrapport for kommunene er klar

Mottakar

Hatlem, Hildegunn
Horne, Rolf
Håvåg, Hilde Merethe
Lundeland, Gaute
Meier, Linda Dalsøren
Sindre Westerlund Mork
Solås, Elin Garnes

19.06.2025 Kommunestyret

Handsaming:

KOMM25/038.3 Vedtak:



Hyllestad
kommune

Arkivkode: K2-L82 -
Utbyggingsområde - næring

Arkivsaknummer: 25/331

Sakshandsamar: Gjermund Flage

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
25/032.2	Formannskapet	05.06.2025
25/038.4	Kommunestyret	19.06.2025

Drifts- og samarbeidsavtale HUP.

Vedlegg i saka:

02.06.2025 Drifts- og samarbeidsavtale HUP LH

Mottakar

Christian Hatlem Skår

19.06.2025 Kommunestyret

Handsaming:

KOMM25/038.4 Vedtak:

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
25/038.5	Kommunestyret	19.06.2025

Møtebok Styremøte SYS IKL 13.06.25**Vedlegg i saka:**

16.06.2025 Møtebok styremøte 13.06.25

Mottakar

age.avedal@enivest.net

Anders Rosø

Anne Lilleaasen

'Anne Lilleaasen'

asgeir.tveit@kryssrevisjon.no

Askvoll postmottak

Astrid Thorsen Landøy

Borghild Reiakvam

danielsunnfjord@gmail.com

Erlend Lien

Fjaler kommune

Gaute Grønfur

Geir Helge Nordstrand

Geir Helge Nordstrand

Geir Helge Østerbø

'Gunhild.Gimmestad@gloppen.kommune.no'

Harald Bjarte Reite

henriknordal@hotmail.com

Høyanger Postmottak

jan.ove.tryti@sogndal.kommune.no

Jenny Følling

June Myhren

Karin Tønning Hatløy

Kjell Kristian Carlsen

Kjersti Valvik

Knut Olav Skår

Kristine Brix Longfellow

Kristine Longfellow

Kurt Even Andersen

Kyrkjebø, Dagrøn

Leif Jarle Espedal

Marte Haugsbakk

Martin Kramprud Lundgård
Mie Lin Bastholm
Monica Oppedal
Norunn.Stavo@kinn.kommune.no
Oddmund Klakegg
Ola Hovland
Ole André Klausen
Petter Sortland
Postmottak Sunnfjord kommune
postmottak@sogndal.kommune.no
Randi Ytrehus
Sara-Marie Horsevik
Sentraladministrasjonen
Siv Tønder
Sølvi Botnen
Terje Heggheim
Tonje Bjørseth
Torill Monsen
Wenche Røkenes
Werner Helmut Garre-Fivelsdal
Øystein Furnes

19.06.2025 Kommunestyret

Handsaming:

KOMM25/038.5 Vedtak:



Hyllenestad
kommune

Arkivkode: K1-033
Arkivsaknummer: 25/361
Sakshandsamar: ACOS
Møtebrukar

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
25/039	Kommunestyret	19.06.2025

Spørjetimen

19.06.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Ingen spørsmål til møtet.

KOMM25/039 Vedtak:



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
25/009	Administrasjonsutvalet	05.06.2025
25/034	Formannskapet	05.06.2025
25/040	Kommunestyret	19.06.2025

Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding for 2024

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2024 slik dei ligg føre.

05.06.2025 Administrasjonsutvalet

Handsaming:

Innspel/dialog om oppbygging av framtidige årsmeldingar:

- Framsikt er ok å finne fram i, men linkane bør vere lett tilgjengelege/lett å finne og opne.
- Litt mykje tekst, fint om den kan bli litt kortare og at det er endringar som kjem fram.
- Bra om kvalitet blir knytt meir opp mot mål. Viktig å ha fokus på kvalitet.
- Beskriving av tenesta og tal tilsette/årsverk kan med fordel vere som vedlegg.
- Nyttig med organisasjonskart over heile kommunen - dette ønskjer administrasjonsutvalet framlagt til komande kommunestyremøte.

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes tilrådd.

ADMU25/009 Vedtak:

Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2024 slik dei ligg føre.

05.06.2025 Formannskapet

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

FORM25/034 Vedtak:

Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2024 slik dei ligg føre.

19.06.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Til møtet 19.06.2024: Detaljerte organisasjonskart vart lagt fram.

Merknad frå SP v/Karin Tonning Hatløy, bra å få organisasjonskart, men dei bør vere bygd opp likt, og ha med kommunalsjefnivå i alle einingar.

Spørsmål frå AP v/Christian Hatlem Skår - ønskjer å få vite tal vakter knytt til å ha open legevaktsatelitt som er lagt ut. Kjem attende til svar seinare.

Merknad frå SP v/Morten Askvik - kostnader til barnehage ved løpande opptak: Svar: Dette har samanhengen med mellom anna pedagognormen som vil utløyse ein ekstra pedagog.

KOMM25/040 Vedtak:

Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2024 slik dei ligg føre.

AKTUELLE LOVER, REGLAR, AVTALAR MED MEIR:

Kommunelova

<https://pub.framsikt.net/2024/hyllestad/mr-202412-rapport#/>

KVA GJELD SAKA:

Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding for 2024. Dokumentet er publisert i Framsikt og på kommunen si heimeside.

SAKSUTGREIING:

Årsmelding og årsrekneskap for kommunen skal etter kommunelova § 14-3 handsamast av kommunestyret seinast 30. juni året etter. Årsmeldinga er kommunedirektøren si utgreiing om samla verksemd gjennom året og presenterer og analyserer kommunen si utvikling på overordna nivå. Den skal også gi nærare forklaringar på avvik mellom budsjett og kommunestyret sine føresetnader. Årsrekneskapen si viktigaste oppgåve er å vise bevilgningskontrollen. For å gi ytterlegare opplysningar om rekneskapen er det utarbeidd eit sett med notar i samsvar med krava i rekneskapsforskrifta.

Driftsrekneskap

Driftsrekneskapet viser eit netto driftsresultat på kr **6 519 576**. Rekneskapen er avslutta i balanse. Etter ny kommunelov skal ikkje rekneskapen leggst fram med eit eventuelt mindreforbruk eller meirforbruk som kommunestyret skal disponere/dekke inn. Skjema jf. § 5-9 syner dei lovmessige strykningane og disponeringane som er gjort.

Bruk av fond var opprinneleg budsjettert med 3, 874 millionar kr, I løpet av året vart bruk av fond justert opp til 4, 946 millionar som følge av auka løyvingar i kvartalsrapportane. Rekneskapen syner såleis at vi oppnådde eit resultat som er ca. 11,5 mill. betre enn revidert budsjett.

Saldo på disposisjonsfondet pr. 31.12.2024 er **32 131 180 kr**.

Hyllestad kommune har vedteke følgande måltal:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er i gjennomsnitt 1,75 % eller større.
- Disposisjonsfondet skal vere minimum i gjennomsnitt 8 % av brutto driftsinntekter.
- Løyvingar frå disposisjonsfondet bør i all hovudsak vere til prosjekt og tiltak som ikkje har varig aukande effekt på driftskostnadane.
- I økonomiplanperioden skal nye låneopptak ikkje overskride avdrag.

VURDERING:

Årsrekneskapen for 2024 syner at Hyllestad kommune hadde eit positivt netto driftsresultat på 6, 5 mill. kr. Dette utgjer 2,6 % av brutto driftsinntekter, og er over måлтаlet på 1,75 %. I opprinneleg budsjett var det lagt opp til å bruke 3,9 mill. av disposisjonsfondet, så vi har eit resultat som er 10,4 mill. betre enn budsjett. Det fører til at kommunen sin økonomiske utvikling er betre enn prognosen frå i haust, men ser vi gjennomsnittstal for siste 4 år så ligg ein godt under måltala for drift, med eit gjennomsnitt på ca. 0,5 %.

Dersom kommunen sine resultat hadde blitt som budsjettet i 2023 og 2024, så hadde det blitt brukt 21,5 mill. av disposisjonsfondet og fondet ville vore nede på ca. 5 % av brutto driftsinntekter.

Det viktigaste forklaringane til eit positivt resultat i 2024 er;

- kommunen har høgare inntekter på havbruk og integrering enn budsjettet
- i tillegg har både KLP og SP levert gode resultat, slik at pensjonskostnadane har blitt redusert
- tenestene leverer eit underforbruk på ca. 2 mill. samanlikna med revidert budsjett.

Faktorar som dreg resultatet ned i 2024;

- lågare skatteinngang
- høgare kostnader på varer og tenester

Økonomisk utvikling

Over halvparten av norske kommunar går i minus i 2024, og det blir spådd at 50-60 kommunar vil hamne på Robek i 2025. Hyllestad har hatt eit betre økonomisk resultat enn budsjett 2 år på rad, og såleis er den økonomiske situasjonen betre enn den kunne ha vore. Saldo på Disposisjonsfondet pr. 31.12.24 er 32,1 mill. Dette utgjer 15,4% av brutto driftsinntekter. Ser vi utviklinga over tid, så ser vi at vi har hatt ein nedgang frå 2018. Vi har faktisk ein nedgang frå 2023 til 2024 sjølv om vi har sett av knapt 5 mill. til disposisjonsfondet i år. Dette skuldast at vi har ein stor auke i brutto driftsinntekter, som fondet blir målt mot.

Høgt investeringsnivå har ført til at den samla gjelda har auka med ca. 17 mill. til 215 mill. Når gjeldsgraden likevel går ned, så har det same forklaring som ovanfor.

Ekstra høge havbruksinntekter annankvart år gjer til at Hyllestad sitt resultat vil svinge i takt med desse. For 2024 har vi rekordhøge havbruksinntekter (27 mill.) og rekordhøgt "overskot" på integreringsarbeid (10 mill). Likevel greier vi berre å setje av knapt 5 mill. til disposisjonsfondet. Det betyr at vi har eit driftsnivå som er for høgt. Drifta blir i tillegg belasta med renter og avdrag. Totalt utgjer det over 19 millionar i 2024.

Statsforvaltaren meiner at reduksjon i gjelda er naudsynt gitt dei store utgiftene til renter og avdrag, men også at driftsutgiftene må verte redusert (sjå vedlegg). Statsforvaltaren seier at kommunen bør derfor halde fram med omstilling av drifta, samt avgrense låneopptak. Utbetalingar frå Havbruksfondet bør i større grad bli brukt til å bygge opp fond.



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
25/041	Kommunestyret	19.06.2025

Vidareføring og endring av stønad og lån til bil

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Det vert tilrådd at Hyllestad kommune vidarefører ordninga med stønad og rentefritt lån til bilkjøp for flyktningar i 2025, med følgjande vilkår:

1. Maksimalt beløp er kr. 50.000,- der halvparten blir gjeven som rentefritt lån
2. Søkar må ha gyldig førarkort klasse B
3. Søkar må vere deltakar i, eller nyleg ha avslutta, introduksjonsprogrammet
4. Ordninga gjeld personar som ikkje eiger eller disponerer bil, og som på søknadstidspunktet verken er registrert som eigar eller medeigar av bil, eller har regelmessig tilgang til bil gjennom leige, lån eller annan bruk.
5. Det skal ligge føre eit dokumentert og reelt behov. Flyktingtenesta vurderar behovet i kvar enkelt sak, og kan avslå søknad dersom det ikkje blir vurdert som naudsynt for integrering, arbeid og utdanning.

19.06.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

KOMM25/041 Vedtak:

Det vert tilrådd at Hyllestad kommune vidarefører ordninga med stønad og rentefritt lån til bilkjøp for flyktningar i 2025, med følgjande vilkår:

1. Maksimalt beløp er kr. 50.000,- der halvparten blir gjeven som rentefritt lån
2. Søkar må ha gyldig førarkort klasse B
3. Søkar må vere deltakar i, eller nyleg ha avslutta, introduksjonsprogrammet
4. Ordninga gjeld personar som ikkje eiger eller disponerer bil, og som på søknadstidspunktet verken er registrert som eigar eller medeigar av bil, eller har regelmessig tilgang til bil gjennom leige, lån eller annan bruk.
5. Det skal ligge føre eit dokumentert og reelt behov. Flyktingtenesta vurderar behovet i kvar enkelt sak, og kan avslå søknad dersom det ikkje blir vurdert som naudsynt for integrering, arbeid og utdanning.

AKTUELLE LOVER OG VEDTAK

- Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (Integreringslova)
- Kommunelova (lov om kommune og fylkeskommuner) - Gjev kommunen mynde til å forvalte eigne tiltak og økonomiske verkemiddel for å oppnå lokale mål.
- Tidlegare kommunestyrevedtak om stønad og lån til bilkjøp (2023 og 2024).
- Integreringstilskot frå staten - Ei statleg ordning som gjev kommunane økonomisk stønad for å dekke kostnad knytt til busetting og integrering av flyktningane, som kan nyttast til tiltak som fremmer sjølvstendigheit og overgang til arbeid.

KVA GJELD SAKA:

Saka gjeld vidareføring av ordninga med stønad og lån til bilkjøp for flyktningar, samt innføring av nye vilkår for å behovsprøve ordninga betre.

Målet med ordninga er å fremme integrering, styrke sjølvstendigheit og auke deltaking i arbeidslivet blant flyktningane som er busette i Hyllestad kommune. Tilgang til bil kan bidra til at det blir mogleg å delta i arbeidsretta tiltak, utdanning og samfunnsliv, og redusere barrierar knytt til transport.

SAKSUTGREIING:

Kommunestyret vedtok i 2023 ei ordning med stønad og lån til bilkjøp for flyktningar med eit maksbeløp på kr. 50.000,- der halvparten vert gitt som rentefritt lån. Ordninga blei vidareført i 2024 med vilkår om at søkaren skal ha gyldig førarkort klasse B og skal vere deltakar i, eller nyleg ha avslutta, introduksjonsprogrammet.

Bakgrunnen for ordninga er utfordringane knytt til transport i kommunen, med svært avgrensa kollektivt tilbod. For mange flyktningar, særleg barnefamiliar er inntekstnivået den første tida så lågt at det er vanskeleg å opparbeide seg nok midlar til å finansiere bilkjøp utan stønad. Tilgangen til bil har vist seg å vere avgjerande for å kome seg i arbeid, og for å vere ein reell arbeidssøkar. Av erfaring ser vi at dette i mange tilfeller har bidratt til ein raskare overgang til arbeidsmarknaden.

Erfaring syner at ordninga har fungert etter intensjonen. Mange vaksne har kome i arbeid, fått arbeidspraksis, delteke i frivillig arbeid og i fritidsaktivitetar. Alle barn har no moglegheit til å delta i organiserte fritidstilbod, noko som har hatt positiv effekt på både trivsel og integrering i lokalsamfunnet. Vidare har tilgang til bil har vore avgjerande for å delta i arbeidsretta tiltak, inkludert praksis og arbeidstrening via NAV, og for å vere reell arbeidssøkar utover nærområdet. Det har bidrege til auka sjølvstendigheit og deltaking i samfunnet.

Sidan oppstart av ordninga i 2023 har mange fått innvilga stønad og lån til bil. Av dei som har fått innvilga stønad, har 24 personar kome seg i arbeid per 10.06.2025. Vidare er det sju personar - der enten søkaren eller ektefelle/sambuar har fått stønad - som framleis er registrert som arbeidssøkar hos NAV. Dette tyder på at ordninga har hatt ein positiv effekt på overgang til arbeid for ein stor del av målgruppa.

I løpet av juni 2025 er det planlagt busetting av fire nye flyktningar. Ein av desse oppfyller dei gjeldande vilkåra for stønad og lån til bil. Det er uvisst om det kjem fleire til Hyllestad i 2025, og om fleire av dei resterande vil oppfylle vilkåra, men kommunen har vedtatt å ta imot totalt ti flyktningar dette året. Det betyr at det potensielt kan bli mellom null og seks nye søkarar som oppfyller vilkåra for ordninga i løpet av 2025.

Endring av vilkår

I seinare tid har ein sett at nokre flyktningar som kjem til Noreg har med eigen bil. Desse oppfyller dei tidlegare krava for å få stønad, sjølv om dei ikkje har eit reelt behov for økonomisk stønad til bil. For å gjere ordninga meir treffsikker og rettferdig, blir det foreslått å innføre eit nytt vilkår. Dette vil sikre at midlane går til dei med reelt behov og bidra til ei meir målretta bruk av kommunale midlar.

Vidare er det lagt inn eit punkt 5 i vilkåra, som gjev flyktningtenesta ansvar for å vurdere om det ligg føre eit dokumentert og reelt behov i kvar enkelt sak. Dette gjev naudsynt handlingsrom for bruk av fagleg skjønn, og kan bidra til at støtta blir målretta og brukt der det faktisk er reelt behov.

VURDERING:

Ordninga har vore eit effektivt tiltak for å auke sjølvstendigeit, styrke deltaking i arbeidslivet og integrering i lokalsamfunnet. Det har også gitt samfunnsøkonomiske gevinstar ved å redusere behov for offentleg stønad og auke sjansane for overgang til arbeid.

Vi tilrår å vidareføre ordninga for deltakarar i, eller nyleg avslutta deltakarar av introduksjonsprogrammet med gyldig førarkort klasse B. Samstundes tilrår vi å innføre eit nytt vilkår: at søkar ikkje eiger eller disponerer bil i Noreg. Dette vil gjere ordninga behovsprøvd, meir målretta og rettferdig, samt sikre at ressursane vert nytta der behovet er størst.

Ordninga finansierast gjennom integreringstilskotet som vert gitt for kvar flyktning, og vil etter vår vurdering vere eit formålstenleg bruk av midlane med god effekt for integrering og samfunnsdeltaking i Hyllestad kommune.



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
25/042	Kommunestyret	19.06.2025

Endring av SUM IKS sin selskapsavtale:

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllerstad kommunestyre vedtek følgjande endringar i Sunnfjord Miljøverk IKS si selskapsavtale, sist revidert 20.06.2024:

§ 10 Finansiering og økonomi skal lyde:

«Kapital til planlegging, utbygging og kjøp av utstyr vert skaffa ved kontanttilskot frå medlemskommunane, låneopptak og statstilskot. Selskapet sin eigedom kan pantsetjast ved låneopptak. Medlemskommunane er ansvarlege for selskapet sine plikter i samsvar med innskoten kapital fordelt etter eigarbrøk. Sunnfjord Miljøverk IKS kan ta opp lån innanfor ei ramme på kr 450 000 000, jf. lov om interkommunale selskap § 22. Låneramma gjeld samla for SUM IKS med dotterselskap.»

§ 9.1 Styresamansetjing skal lyde:

«Styret skal ha 5 medlemmer og 3 nummererte varamedlem. Tilsettrepresentasjon i styret regulerast av dei til ei kvar tid gjeldande reglar i IKS-lova, for tida § 10. Slike eventuelle styremedlemmer kjem i tillegg til det som er bestemt i denne § 9.1».

Styremedlemmene blir vald for 2 år av gongen»

Dagleg leiar i selskapet, personar som har arbeidsforhold, verv eller eigarforhold i selskap SUM er i konkurranse med eller kjøper tenester av, kan ikkje vere medlem i styret.

Ved val av styremedlem og varamedlem skal det takast omsyn til

- personlege kvalifikasjonar
- kontinuitet i styrearbeidet
- geografisk fordeling i SUM sitt dekningsområde»

Ikrafttreding, selskapsavtalen s. 2 første avsnitt skal lyde:

«Selskapsavtalen er gjeldande frå tidspunkt for vedtaking i eigarkommunane sine kommunestyre i 2025. Tildelte einerettar frå eigarkommunane til SUM for innsamling og handsaming av kommunalt avfall er likevel gjeldande inntil ikrafttreding av tenestekontrakt for kommunalt avfall, dette etter gjennomført anbodskonkurranse i eigarkommunane. Desse einerettane er skildra i selskapsavtale datert 01.01.2020, sist revidert 28.03.2024, § 5.»

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

KOMM25/042 Vedtak:

Hyllestad kommunestyre vedtek følgjande endringar i Sunnfjord Miljøverk IKS si selskapsavtale, sist revidert 20.06.2024:

§ 10 Finansiering og økonomi skal lyde:

«Kapital til planlegging, utbygging og kjøp av utstyr vert skaffa ved kontanttilskot frå medlemskommunane, låneopptak og statstilskot. Selskapet sin eigedom kan pantsetjast ved låneopptak. Medlemskommunane er ansvarlege for selskapet sine plikter i samsvar med innskoten kapital fordelt etter eigarbrøk. Sunnfjord Miljøverk IKS kan ta opp lån innanfor ei ramme på kr 450 000 000, jf. lov om interkommunale selskap § 22. Låneramma gjeld samla for SUM IKS med dotterselskap.»

§ 9.1 Styresamansetjing skal lyde:

«Styret skal ha 5 medlemmer og 3 nummererte varamedlem. Tilsettrepresentasjon i styret regulerast av dei til ei kvar tid gjeldande reglar i IKS-lova, for tida § 10. Slike eventuelle styremedlemmer kjem i tillegg til det som er bestemt i denne § 9.1».

Styremedlemmene blir vald for 2 år av gongen»

Dagleg leiar i selskapet, personar som har arbeidsforhold, verv eller eigarforhold i selskap SUM er i konkurranse med eller kjøper tenester av, kan ikkje vere medlem i styret.

Ved val av styremedlem og varamedlem skal det takast omsyn til

- *personlege kvalifikasjonar*
- *kontinuitet i styrearbeidet*
- *geografisk fordeling i SUM sitt dekningsområde»*

Ikrafttreding, selskapsavtalen s. 2 første avsnitt skal lyde:

«Selskapsavtalen er gjeldande frå tidspunkt for vedtaking i eigarkommunane sine kommunestyre i 2025. Tildelte einerettar frå eigarkommunane til SUM for innsamling og handsaming av kommunalt avfall er likevel gjeldande inntil ikrafttreding av tenestekontrakt for kommunalt avfall, dette etter gjennomført anbudskonkurranse i eigarkommunane. Desse einerettane er skildra i selskapsavtale datert 01.01.2020, sist revidert 28.03.2024, § 5.»

AKTUELLE LOVER, REGLAR, AVTALAR MED MEIR:

SUM IKS Selskapsavtale

Lov om interkommunale selskaper (IKS-loven)

KVA GJELD SAKA:

Endring av SUM IKS sin selskapsavtale: låneramme, tilsettrepresentasjon i styret og ikrafttreding av selskapsavtalen.

SAKSUTGREIING:

Endring av låneramma i selskapsavtalen § 10:

Det visast til saksutgreiinga for nye anlegg for Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) som har vore på høyring i deltakarkommunane frå 1. mars til 1. mai 2025. Som det går fram av utgreiinga vil ikkje SUM sitt anlegg på Einestølen kunne tilfredsstille noverande og framtidige myndigheitskrav. Valet stod mellom utviding og oppgradering på Einestølen, eller nyetablering på Moskog. Representantskapet vedtok 6. juni 2025 nyetablering på Moskog. Kostnadsramma for etableringa av anlegget på Moskog vil vere på inntil MNOK 423. Som varsla i utgreiinga som har

vore på høyring, legg ein opp til å utvide låneramma til MNOK 450, dette inkluderer også lån som er tatt opp innanfor gjeldande låneramme. Det følgjer av IKS-lova at eit IKS berre kan ta opp lån dersom det er fastsett i selskapsavtalen, jf. § 22 første ledd. Selskapsavtalen må ha ei tak for selskapet sitt samla låneopptak. Ei endring i ramma for samla låneopptak må vedtakast av samtlege av deltakarane sine kommunestyre, jf. § 4.

Det er IKS-et som vil stå ansvarlege for lånet. Dette vil finansierast av SUM sine inntekter frå sjølvkost og næringsaktivitet. I kalkylane er det kalkulert med at næringsdelen skal dekke 20 % av kapitalkostnaden, medan sjølvkost dekker dei øvrige 80 %. Den einskilde deltakarkommune vil berre hefte for sin eigardel etter regelen i § 3 i IKS-lova: «Den enkelte deltaker hefter ubegrenset for en prosent- eller brøkdel av selskapets forpliktelser». Ansvar et inntreff fyrst dersom SUM får likviditetsufordringar og driv med underskot, altså at selskapet ikkje klarer å dekke egne plikter.

Dei fire eigarkommunane har slik eigardel i Sunnfjord Miljøverk:

- Askvoll 12,19 %
- Fjaler 10,77 %
- Hyllestad 5,65 %
- Sunnfjord 71,39%

I gjeldande selskapsavtale er låneramma på kr 50 000 000, jf. § 10 Finansiering og økonomi. For å kunne gjennomføre etableringa på Moskog i tråd med representantskapet sitt vedtak, er ein avhengig av at kommunestyra i deltakarkommunane vedtar å utvide taket for låneramma i selskapsavtalen sin § 10. Framlegget til vedtak legg difor opp til at kommunestyra i deltakarkommunane aukar låneramma til inntil MNOK 450. Den einaste endringa som er foreslått i § 10 er endring av beløpet.

Endring av selskapsavtalen § 9 vedr. tilsettrepresentasjon i styret:

For å høgde for dei tilsette sin rett til å velje styremedlemmer av og blant dei tilsette, føreslås følgjande tillegg i selskapsavtalen § 9.1, første avsnitt:

«Tilsettrepresentasjon i styret regulerast av dei til ei kvar tid gjeldande reglar i IKS-lova, for tida § 10. Slike eventuelle styremedlemmer kjem i tillegg til det som er bestemt i denne § 9.1»

Endring av ikrafttredingstidspunkt for selskapsavtalen:

Eigarkommunane vedtok i juni 2024 revidert selskapsavtale for Sunnfjord Miljøverk IKS. Bakgrunnen for revideringa av selskapsavtalen var ei tilråding om at eigarkommunane skulle gå vekk frå tidlegare tildelt einerett til SUM for innsamling av kommunalt næringsavfall, og i staden lyse ut innsamling og handtering av kommunalt avfall på offentleg anbod – dette som følgje av ei sak for ESA-domstolen. Det visast til saksutgreiing [dokumentID 2024/25976 i Sunnfjord kommune, dokumentID 2024/5828 i Askvoll kommune, dokumentID 2024/6394 i Fjaler kommune, dokumentID 2024/3277 i Hyllestad kommune].

For å unngå at saka måtte handterast av eigarkommunane sine kommunestyre i fleire omgangar, vart det tilrådd at eigarkommunane vedtok revidert selskapsavtale samstundes som ein vedtok utlysing av offentleg anbodskonkurranse, men då slik at revidert selskapsavtale først skulle ha verknad frå det tidspunkt ny tenestekontrakt med vald leverandør trådte i kraft. Eigarkommunane vedtok i mai og juni 2024 både utlysing av anbod og revidert selskapsavtale.

I den reviderte selskapsavtalen s. 2 var det forutsett at anbodskonkurranse skulle lysast ut i løpet av 2024. Dette har ikkje skjedd, og formelt sett har revidert selskapsavtale frå 2024 difor ikkje trådt i kraft. Formelt sett er selskapsavtale datert 01.01.2020, sist endra 28.04.2023, difor framleis gjeldande.

For å kome vidare med Moskog-prosjektet i tråd med representantskapet sitt vedtak 6. juni 2025 er SUM IKS avhengig av at revidert selskapsavtale trer i kraft med ny låneramme i tråd med framlegget i denne saksutgreiinga. Samstundes ligg føresetnaden for SUM si innsamling og handtering av kommunalt avfall for eigarkommunane i dei tidlegare tildelte einerettane, slik desse er skildra i selskapsavtalen datert 01.01.2020, sist endra 28.04.2023.

SUM oppmodar eigarkommunane om å få fortgang i anbudsprosessen som vart vedteke i mai/juni 2024. For å sikre at SUM kan gå vidare med Moskog-prosjektet og samstundes ha heimel for framleis innsamling av kommunalt avfall fram til anbudsprosess er gjennomført, førelås følgjande endring av ikrafttreding i selskapsavtalen si innleiing (s. 2, første avsnitt):

«Selskapsavtalen er gjeldande frå tidspunkt for vedtaking i eigarkommunane sine kommunestyre i 2025. Tildelte einerettar frå eigarkommunane til SUM for innsamling og handsaming av kommunalt avfall er likevel gjeldande inntil ikrafttreding av tenestekontrakt for kommunalt avfall, dette etter gjennomført anbuds konkurranse i eigarkommunane. Einerettane vart vedteke i eigarkommunane i 2019, og skildra i selskapsavtale datert 01.01.2020, sist revidert 28.03.2024, § 5.»

VURDERING:

Kommunedirektøren tilrår at Hyllestad kommunestyre gjer vedtak i tråd med framlegget. Det er naudsynt at alle eigarkommunar gjer likelydande vedtak for å kunne effektivere vedtaket.



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
25/043	Kommunestyret	19.06.2025

Hyllestad kontrollutval - rapport frå forvaltningsrevisjon omsorgstenester

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

1. Rapporten frå forvaltningsrevisjon om omsorgstenesta vert teken til vitande.
2. Kommunedirektøren følgjer opp funna i rapporten slik:
 - a. Sikre fullstendig implementering av det nye kvalitetssystemet Netpower.
 - b. Oppdatere rutineskildringar og andre styringsdokument inkludert rutinar for jamleg gjennomgang av desse.
 - c. Sikre at det vert gjort vedtak om tenester til kvar brukar, at dette vert oppdatert ved endring, og at brukar får dei vedtekne tenestene.
 - d. Sikre at informasjon om tenester og rettar er lett tilgjengeleg og tilpassa alle brukargrupper.
 - e. Vidareutvikle system for innhenting og bruk av brukarerfaring og vurdere å opprette brukar- og pårørandeforum.
 - f. Utarbeide kompetanseplan med jamleg oppdatering.
3. Kommunedirektøren informerer kontrollutvalet om oppfølginga innan 1.4.2026.

19.06.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg av vedtak, som vart samrøystes vedteke.

KOMM25/043 Vedtak:

1. Rapporten frå forvaltningsrevisjon om omsorgstenesta vert teken til vitande.
2. Kommunedirektøren følgjer opp funna i rapporten slik:
 - a. Sikre fullstendig implementering av det nye kvalitetssystemet Netpower.
 - b. Oppdatere rutineskildringar og andre styringsdokument inkludert rutinar for jamleg gjennomgang av desse.
 - c. Sikre at det vert gjort vedtak om tenester til kvar brukar, at dette vert oppdatert ved endring, og at brukar får dei vedtekne tenestene.
 - d. Sikre at informasjon om tenester og rettar er lett tilgjengeleg og tilpassa alle brukargrupper.
 - e. Vidareutvikle system for innhenting og bruk av brukarerfaring og vurdere å opprette brukar- og pårørandeforum.
 - f. Utarbeide kompetanseplan med jamleg oppdatering.
3. Kommunedirektøren informerer kontrollutvalet om oppfølginga innan 1.4.2026.

AKTUELLE LOVER, REGLAR, AVTALAR MED MEIR:

Kommunelova § 23-3

KVA GJELD SAKA:

Handsame rapport frå forvaltningsrevisjon av omsorgstenester.

SAKSUTGREIING:

Kommunedirektøren syner til Kontrollutvalet si sakshandsaming som ligg vedlagt.



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
25/044	Kommunestyret	19.06.2025

Legevaktsatelitt

19.06.2025 Kommunestyret

Handsaming:

AP v/Christian Hatlem Skår sette fram slikt framlegg: Kommunestyret ber administrasjonen på nytt om å følgje opp vedtak gjort i sak 24/110 (Budsjett og økonomiplan) og 24/104 (Vidare drift av legevaktsatelitt 2025) slik at kommunestyre sin intensjonen bak desse vedtaka blir oppfylt:

- Organisering av sjukepleiarane på topp
- Organisering av ressursar og tilrettelegging av turnus for å sikre open legevaktsatelitt.

SP v/Morten Askvik ba om gruppemøte og møtet vart mellombels heva.

SP v/Morten Askvik sette fram slikt endringsframlegg til punkt 1: Endringsframlegg til første kulepunkt:

- Sikre overkapasitet for å kunne halde legevaktsatelitten ope.

AP v/Kjell Eide sette fram framlegg om å utsette saka.

Det vart først røysta over utsettingsframlegget, framlegget fall med 15 røyster, 2 røysta for å utsette framlegget.

Det vart så røysta alternativt over framlegget frå AP og framlegget frå SP, AP sitt framlegg fekk 12 røyster og SP sitt framlegg fekk 5 røyster.

Punkt 2 i AP sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOMM25/044 Vedtak:

Kommunestyret ber administrasjonen på nytt om å følgje opp vedtak gjort i sak 24/110 (Budsjett og økonomiplan) og 24/104 (Vidare drift av legevaktsatelitt 2025) slik at kommunestyre sin intensjonen bak desse vedtaka blir oppfylt:

- Organisering av sjukepleiarane på topp
- Organisering av ressursar og tilrettelegging av turnus for å sikre open legevaktsatelitt.